

Budsjettdirektiv Årsbudsjett 2015, Handlingsprogram og Økonomiplan 2015 – 2018:

Generelt

Rådmannen har som mål å presentere eit årsbudsjett og ein økonomiplan i balanse for formannskapet og dette skal vere klart seinast i oktober 2014. Rammene for arbeidet vil i utgangspunktet vere dei som er gitt i [kommunestyresak 55/2013](#) og netto driftsresultat som synt på [side 83](#) i handlingsplan og økonomiplan 2014 – 2017. Ingen ting er statisk og som eit døme på dette kan nemnast at forventa skatt og rammetilskot for perioden 2015 – 2018 er redusert med 3,6 millionar kroner.

Rådmannen minner om at vedtaket som gjeld bygging av ny skule på Hallingmo var eit vedtak som betyr omprioritering av rammene mellom avdelingane. Ingen ting tyder på at det dukkar opp friske midlar som gjer at konsekvensane forsvinn, som førre avsnitt også synte. Avdelingane må difor vere budd på lågare driftsbudsjett for sine sektorar eller finne på lurare måtar å nytte ressursane på.

Historikk – budsjett og budsjettprosessen fram til 2014

Budsjettarbeidet for perioden 2014 – 2017 vart ikkje heilt som rådmannen hadde føreset, men i ettertid kan ein sjå at dette heller ikkje var å forvente slik Gol kommune har organisert seg. Avdelingane vart kvar for seg bede om å finne tiltak som gav ei reell innsparing og at rådmannen ikkje såg noko poeng i rapportere tiltak som var mindre enn 100.000 kroner, korkje nye tiltak eller innsparingstiltak.

Prosessen synte at avdelingane kvar for seg ikkje såg potensial for omprioriteringar som gav nokon effekt. Rådmannen delte difor opp avdelingane i mindre grupper som hadde sams problemstilling og til ein viss grad sams brukargrupper:

- Skuleavdelingane, barnehage og kultur
- Helseavdelinga, omsorgsavdelingane og sosial/NAV
- Utbyggingsavdelinga, kommunalteknisk avdeling, næringsavdelinga og Gol Byggdrift KF
- I tillegg jobba rådmannen sin stab med sine prosjekt, samt samordna dei andre gruppene

Dette gav starten på ein del konstruktivt arbeid som rådmannen er nøgd med, men som uansett berre var starten på ein lengre prosess. Budsjettarbeidet på tvers av avdelingane gav også innspel til eit særskilt konstruktivt forslag frå skulegruppa som skapte mykje debatt. Men debatten høyrer til det politiske nivået, administrasjonen må fremje dei tiltaka som ein ser er moglege for å nå dei rammene som må nås og...

I budsjettprosessen er det dei økonomiske rammene som er verkelegheita.

Tenestekatalog:

Avdelingane vart i budsjettdirektivet for 2014 beden om å utarbeide tenestekatalogar og oversyn som skulle nyttast i budsjettprosessen for 2014 – 2017 med slikt innhald

- Kva er lovpålagte tenester?
- Kva er minstekravet for å halde seg innafor loven?
- Kva er Gol kommune sitt tenestetilbod i høve til minstekravet. I dette skal også vere ei vurdering av konsekvensar for brukar, organisasjonen og potensielle inntekter.

Dette vart ikkje gjennomført tidsnok til å ha nytte i budsjettprosessen for 2014 – 2017 og rådmannen fekk med rette kritikk for dette, sjå punkt om samfunnsdelen til kommuneplanen.

Historikk – Rekneskap 2013

Rekneskapen for 2013 vart avslutta med eit negativt netto driftsresultat på nærare 3,3 millionar kroner (i 2012 var talet positivt med 11,1 millionar kroner). 2013-talet er å sjå på som eit dårleg resultat i høve til statlege mål. Bak tala er det likevel fleire moment som gjer at dette ikkje er ei krise. M.a. var budsjettert netto driftsresultat negativt med nær 9,4 mill. kroner, dvs. at ein venta seg eit underskot. I tillegg svinga premieavviket til KLP frå pluss 7,5 mill. kroner i 2012 til minus 5,7 mill. kroner i 2013. Desse tala gjer samanlikning av netto driftsresultat vanskeleg for dei aller fleste.

Gol kommune budsjetterer netto, dvs. at dersom ei avdeling får meir pengar kan dei nytte meir pengar utan å gå ut over ramma, i seg sjølv ei utfordring for å nå felles mål.

Historikk – Kommunedelen sin samfunnsdel

Rådmannen har fleire gonger peika på at samfunnsdelen av kommuneplanen bør revideras. Avdelingane vart beden har gjennom 2013 og 2014 jobba med det som heitar tenestekatalog og avdelingane har sendt desse til politisk nivå. Etter alt å døme vil arbeidet med samfunnsdelen starte opp i løpet av 2014 – 2015. Desse tenestekatalogane vil vere viktig i arbeidet med å forme nye mål som tek utgangspunkt i den økonomien som Gol kommune har.

Kva for mål ein skal prioritere eller nedprioritere må vere opp til Kommunestyret, men administrasjonen må greie ut driftsmessige og budsjettmessige konsekvensar. Sjølv om det vart mykje debatt i samband med framlegget om å legge ned Herad skule hausten 2013, så kan ikkje dette hindre administrasjonen om å tenke annleis. Rådmannen ynskjer også at mål blir meir konkretisert slik at politikarane kan velje ut kva som er viktigast for dei samstundes som det i størst mogeleg grad er målbart.

Budsjettprosessen 2015 - 2018

Handlingsplan:

Handlingsplanen vil i nokon grad vere basert ut frå kva avdelingane meiner må gjerast for å få ei best mogeleg teneste for si eining. Det vil ofte vere slik at avdelinga ynskjer å betre produktet sitt og i stor grad krev alle slike ynskjer friske midlar eller meir løyvingar. Grunngjevinga kan vere lovpålagte krav, nye behov, nye brukarar osb.

Rådmannen minner på at det ikkje vil vere rom for nye løyvingar og at ein ikkje bør nytte så mykje tid på det som ikkje kan la seg realisere av ynskjer. Rådmannen må be avdelingane sjå etter mogelegheiter for å gjere oppgåver annleis og sjå kva for oppgåver som kan takast ut i si heilskap.

Rådmannen vil at dei same gruppene som jobba saman hausten 2013 fortsetter samarbeidet for neste års økonomiplan og handlingsplan med føremål å skape endring som gjev ei best mogeleg teneste for brukarane våre;

kvalitet er ikkje synonymt med kvantitet, meir innsats ein stad kan gje positiv effekt ein annan stad, investering i ny teknologi kan spare ressursar ein annan stad.

Men; endring vil kunne føre til at nokon brukarar får eit anna tilbod enn tidlegare. Dette tilbodet kan til og med vere dårlegare for ein eller grupper av brukarar, noko vi må akseptere. Men det kan også hende at ved å gjere noko annleis opplever brukar eit betre tilbod. Det er administrasjonen si oppgåve å synleggjere fordelar og ulemper med tiltaka – politikarane skal vedta blant desse.

Rådmannen ynskjer at handlingsplanen tek utgangspunkt i det arbeidet som er lagt ned i tenestekatalogane og ser spesielt etter om ei anna organisering kan løyse oppgåvene meir rasjonelt. Rådmannen ynskjer også at avdelingane tek utgangspunkt i situasjonen no, men at utfordringane ein ser etter budsjett-perioden sjølvstøtt må bli nemnd som eit eige punkt på slutten.

Økonomiplan - investeringar:

Økonomiplan for 2014 – 2017 la opp til eit ekspansivt investeringsbudsjett – sjå [side 64](#) i handlingsprogram og økonomiplan vedteke i [kommunestyresak 55/2013](#).

Det er berre 2014-budsjettet som er bindande, så investeringstiltak som er synt i oppsettet for seinare år er berre framlegg, med unnatak av ny skule. Dette betyr at tiltak som er nemnd i perioden 2015 – 2017 må utarbeidast på nytt, ev. med endringar. Vi nyttar 2015-kronar i dette arbeidet.

Normalt vil investeringsbudsjettet bli vurdert fyrst. Når ein veit investeringsbudsjettet med driftskonsekvensar – så veit ein om driftsbudsjettet må reduserast eller om politikarane har midlar til å drive positiv politikk (gode føremål). Som før vil tiltak som gir innsparing på kort sikt vere å oppfatte som gode tiltak 😊

Økonomiplan - drift:

Økonomiplan for 2014 – 2017 gav rom for nokre positive driftstiltak. Desse tiltaka er inne i budsjett for 2014, sjå [side 65](#) i handlingsprogram og økonomiplan. Det er berre 2014 som er bindande, medan tiltaka for 2015 – 2017 må leggjast inn på nytt. Men budsjettet for 2014 vil normalt vere retningsgjevande for åra som kjem etter og endring i drift for t.d. 2015 vil vere basert på 2014-aktivitet.

Innsparingstiltaka er nemnd på [side 66](#) og [side 67](#) i same dokument. Her vart det gjort endring i sjølve budsjettmøtet som førte til at Herad skule ikkje vart lagt ned frå hausten 2014 og at eigedomsskatten vart auka med 0,5 %. Når vi nærmar oss 2015 må vi bli meir konkret på korleis vi skal oppnå dei innsparingane som vart føreslege i handlingsprogram og økonomiplan.

Generelt om økonomiplan 2015 – 2018 - konkret

a) Investeringsbudsjettet 2015 - 2018

Investeringsprosjekt må registrerast på nytt sjølv om dei er nemnd også i førre økonomiplan. Det gir høve til omprioritering av tiltak samt korreksjon av kjente opplysningar.

Skjema for investeringstiltak finn de her:

<R:\Gol\Felles\Handlingsprogram\2015-2018\Skjema-2015-2017>

Det er dette skjemaet de skal nytte, prosjektnummer tek økonomisjefen seg av. Side 1 av skjemaet skal gi informasjon om kva for midlar som skal nyttast til føremålet, side 2 skal gi informasjon om kva for driftsmessige konsekvensar investeringa fører med seg. Reduksjonar i driftsbudsjettet som følgje av investeringa skal skrivast med negative verdjar.

Ei god investering er ei investering som reduserer driftsbudsjettet!

b) Driftsbudsjettet 2015 - 2018

Årsbudsjettet for 2014 er retningsgjevande og det er dette grunnlaget ein skal nytte som utgangspunkt for å gjere omprioriteringar i drifta. Rådmannen ynskjer at avdelingane som samarbeider om handlingsplan, økonomiplan og budsjett ser på heile tiltak, både dei nye tiltaka og dei negative tiltaka.

Avdelingane må rekne med at avdelingane blir kompensert for løns- og pris-vekst, sjå punkta nedanfor. Dette punktet er noko misvisande ettersom avdelingane sjølv må finne ut korleis dei ev. skal kunne makte innsparingane dei allereie har laga premissane for – sjå aktuelle [sider](#) i handlingsprogram og økonomiplan 2014 – 2017.

Lønsbudsjettet 2015 - 2018

Rådmannen tek utgangspunkt i vedtekne heimelsregister.

60 – 65 % av driftsutgiftene i Gol kommune nyttast til å betale løn og sosiale utgifter. For nokre avdelingar utgjør løn og sosiale utgifter 80 – 85 % av driftsutgiftene.

Skal ein betre resultatet må ein følgjeleg også sjå på lønsutgiftene. Det er ikkje lagt opp til oppseiingar. Alle ledige stillingar og all vakanse vil bli vurdert i samråd med rådmannen med sikte på å finne best mogelege løysingar for Gol kommune som organisasjon.

Det blir rekna med 3,5 % auke i løns-utgiftene frå 1.6.2015. Beløpet blir lagt inn på sentral post. Lønsauka dei seinaste hovudoppgjera har diverre ete opp mykje eller alt av veksten i dei frie inntektene.

Andre utgifter 2015 - 2018

Rådmannen legg opp til normal prisauke for andre utgifter og stipulerer desse til 2,5 %. Dette gjeld også overføring til andre inkl. samarbeidstiltak. Dersom eit samarbeidstiltak signaliserer behov for meir auke enn 2,5 % vil avdelinga som nyttar tenester frå samarbeidet kunne risikere å måtte dekke dette av eiga ramme.

Inntekter – gebyr og sal 2015 - 2018

Rådmannen legg opp til ei auke i inntekter som blir bestemt av kommuna sjølv med 4 %, men reknar med at avdelingane ser dette opp mot andre, samanliknbare kommunar. Avdelingane må sjå etter nye inntekter der dei kan det.

Gebyrregulativet blir lagt opp tilsvarande.

Inntekter – frie inntekter

Rådmannen legg opp til å budsjettere i samsvar med signal frå regjeringa, dvs. at dei frie inntektene aukar som generell løns- og prisauke. Som synt i innleiinga er dette risikabelt, men alternativet er ikkje betre.

Frie midlar er ikkje øyremerkta. Det betyr at sjølv om Stortinget seier dei vil auke innsatsen på eit område og seier dei legg inn eit beløp i rammetilskotet, så er det fortsatt frie inntekter for kommunen.

Faste prisar – 2015 - 2018

Økonomiplanen blir utarbeidd i faste prisar og 2015-prisar. Det vil bli forsøkt laga rapportar som bereknar konsekvensar av endra løns- og prisføresetnader utover i perioden

Handlingsprogram med tekstdel til Økonomiplan 2015 – 2018

Som tidlegare tek vi sikte på å utarbeide handlingsprogram med tekstdel til økonomiplan 2015 – 2018 og årsbudsjett i eit samla dokument. Det fyrste året i økonomiplanen vil vere årsbudsjettet for 2015.

Tekstdelen vil bli eit vedlegg til Handlingsprogrammet. Rådmannen vil trekke ut essensen frå skjema til nye tiltak og vise til vedlegget som er avdelinga sin tekstdel. Dermed får politikarane høve til å få tak i detaljane om dei ynskjer det.

Handlingsprogram:

Framlegget til Handlingsprogram med tekstdel til Økonomiplan 2015 – 2018 skal leggest i mappa:

<T:\Gol\Felles\Handlingsprogram\2015-2018\01 - Handlingsprogram>

Det har alltid vore meininga at det skal vere ein klar samanheng mellom måla i kommuneplanen, økonomiplanen og årsbudsjettet. Denne samanhengen er vanskeleg å sjå dersom ein heile tida må redusere på rammene utan å redusere på måla. Det blir difor eit punkt i arbeidet å synleggjere korleis måla må justerast, både med omsyn til kvalitet og tilbod. Her vil tenestekatalogane vere eit nyttig verktøy.

Saksnummeret som skal nyttast i 360° er **14/01623**. Avdelingsleiarane må nytte INTERNT notat. Alle har tilgang til å legge inn notat i saka. Desse notata er det formelle frå avdelingane til rådmannen.

Frist for ferdigstilling av framlegg frå avdelingane er **fredag 4. juli**. Dette gjeld også dei interkommunale verksemdene samt Kyrkjeleg Fellesråd og Gol Kommunale Eigedomar A/S. Gol Byggedrift KF sitt budsjett blir overteke av rådmannen for 2015.

Årsbudsjett 2015:

Rådmannen kjem til å sentralisere årsbudsjett – detaljane – som i fjor, dvs. at økonomisjefen vil legge inn tala og sende dei ut til avdelingsleiarane. Framlegget for 2015 blir det same som 2014 korrigert for kjente endringar gjennom 2014 og for kjente feil i budsjett for 2014.

Avdelingane sine forslag til handlingsprogram vil bli klargjort for trykking i fyrste veke av august. UKL og UNN skal ha desse tilsendt til sitt møte i slutten av august. Utvala planlegg sjølv gjennomgangen av forslaga. Avdelingane må likevel vere budde på at gjennomgangen av handlingsprogramma kan ta til i utvala i august.

Prosesen vidare blir som følgjer:

- Innleiande møte med avdelingsleiarane 11. juni
- Skjema for investerings- og driftstiltak er motteke av rådmann og økonomisjef innan 4. juli 2014.
- Eit førebels framlegg til Handlingsprogram og økonomiplan for 2015 – 2018 er ferdig innan 8. august.
- Sektorvis møte mellom rådmann, økonomisjef og arbeidsgruppene frå andre veke av august og utover i august. Detaljar i tiltaksbudsjetta blir kvalitetssikra.
- Råutkast til taldelen for budsjett 2014 skal vere klart fredag 5. september.
- Statsbudsjettet vert lagt fram i første halvdel av oktober.
- Budsjett og økonomiplan blir presentert for heile kommunestyret på ein budsjettkonferanse i oktober
- Formannskapet behandlar budsjettet fyrste gang etter budsjettkonferansen. Ytterlegare bestillingar til avdelingane/sektorutvala kan bli bestemt der.
- Kommunestyret behandlar årsbudsjett for 2015 og økonomiplan med handlingsplan for 2015 – 2018 seinast i møte 16. desember

Hege Mørk
Rådmann

Arne Fredriksen
økonomisjef